

TRYGT OG GODT SKULEMILJØ



Plan for eit trygt og godt skulemiljø ved Vestre Slidre skule

Revidert august-2017

Innhald

1. Innleiing	s. 2
2. Formål	s. 2
3. Opplæringslova §9a	s. 3-5
4. Definisjonar	s. 5-6
5. Fremme eit trygt og godt miljø	s. 6
6. Førebygge at elevar blir utsett for krenkande ord og handlingar	s. 6-8
7. Handtere mobbing og andre krenkingar	s. 9
7.1 Aktivitetsplikt	s. 9
7.2 Avdekke	s. 9-10
7.3 Stoppe og handtere	s. 10-12
8. Klagerett	s. 12
9. Arbeid i skulemiljøutval/samarbeidsutval	s. 12

Vedlegg som kan brukast:

Vedlegg 1: Avtaleskjema

Vedlegg 2: Forventningar til skule/elev/føresett

Vedlegg 3-4: Samtaleskjema

Vedlegg 5: Sjekkliste

Vedlegg 6: Melding motteke bekymring

Vedlegg 7: Sosiogram

Vedlegg 8-13: Observasjon

Vedlegg 14: konfronterande samtale

Vedlegg 15: Tiltaksplan

1. INNLEIING

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Elevar ved Vestre Slidre skule skal ikkje bli utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme eller utestenging på skulen eller på skulevegen.

2. FORMÅL

- Vestre Slidre kommune forpliktar seg til å arbeide for at barn og unge ikkje skal bli utsett for krenkande ord og handlingar som mobbing (inkludert utestenging), vald, diskriminering eller rasisme på skulen og på skulevegen
- I dette arbeidet er det tre viktige forutsetningar:
 - Skulen driv eit godt og systematisk arbeid for å fremme eit godt skulemiljø.
 - Alle vaksne på skulen har plikt til å følgje med, undersøke, gripe inn, varsle og setje inn tiltak når dei får mistanke om eller kjennskap til krenkingar.
 - Skule og heim skal ha god kommunikasjon.

Alle elevar og foreldre ved Vestre Slidre skule skal møte vaksne som har vilje, kompetanse og mot til å gjera sitt ytterste for å skape eit trygt og godt skulemiljø. Dei skal også oppleve å bli tatt på alvor når dei har ei bekymring.

Skulen skal ha ein handlingsplan mot mobbing, diskriminering, vald, rasisme og utestenging i skuletida og på skulevegen.

3. OPPLÆRINGSLOVA §9a Elevane sitt skolemiljø

Kapittel 9a. Elevane sitt skolemiljø

- **§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

- **§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

- **§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø**

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

- **§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev**
Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.
- **§ 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker**
Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.
Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt.
Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.
Skolen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.
Kjem Fylkesmannen til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 8-1 fjerde ledd. Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skoleeigaren har ikkje klagerett.

Aktivitetsplikten – 5 delplikter


Kilde: Utdanningsdirektoratet



4. DEFINISJONAR

- **Krenkingar:** Ord eller handlingar som barn eller unge opplever som krenkande for hans eller hennar verdigheit og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå eit fellesskap. Kort sagt ord som gjer at ein elev blir lei seg eller ikkje har det bra. Krenkingar kan ha ulike formar. Det kan vera alt frå enkeltstående ytringar eller handlingar til gjentekne episoder. Det omfatter blant anna mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering. Det kan også vera erting, plaging, negative kommentarar, knuffing, baksnakking, ryktespreiing, utfrysing eller andre handlingar som gjer at barn og unge opplever utryggheit, ubehag eller ikkje føler seg inkludert i fellesskapet.
- **Mobbing:** Krenkingar blir mobbing når adferda er gjentatt negativ eller «ondsinna», og den kjem frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Det kan dreie seg om utestenging, spreieing av løgner, truslar, negative kommentarar om utsjånad og fysiske krenkingar som slag, dytting og sparking. Gjentatt erting på ein ubehagelig eller sårande måte er også mobbing.
- **Utestenging:** Nokon blir nesten alltid halde utanfor ei gruppe eller ei klasse.

- Vald: Nokon bruker fysisk makt for å skade andre.
- Rasisme: Nokon blir forskjellsbehandla eller plaga fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk
- Diskriminering: Ein person blir dårleg behandla eller trakassert for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.
- Digital mobbing: Mobbing ved hjelp av mobiltelefon og på nett.



Elevane si oppleving er det viktigaste

Uavhengig av definisjonane av mobbing og krenkingar, er det eleven si subjektive oppleving av skulemiljøet som er grunnlag for at skulen skal ta saka på alvor. Alle elevar og foreldre skal oppleve at dei blir lytta til, tatt på alvor og får hjelp når dei er i vanskar.

5. FREMME EIT TRYGT OG GODT MILJØ

Eit trygt og godt skulemiljø vernar mot mobbing og andre krenkingar. Ein føresetnad for å kunne skape eit trygt og godt skulemiljø, er eit kontinuerlig og systematisk forebyggjande arbeid med felles fokus og tilnærming. Det er fleire faktorar som fremmer og sikrar dette:

- God leiing, organisasjon og kultur for læring
- Positive relasjonar mellom lærar og elev
- Dei vaksne si evne til å lede klasser og grupper
- Positive relasjonar blant elevane
- Samarbeid med foreldra



6. FØREBYGGE AT ELEVAR BLIR UTSETT FOR KRENKANDE ORD OG HANDLINGAR

Vi har tiltak individuelt, på klassenivå og fellestiltak for skulen for sikre eit godt psykososialt miljø. Forebyggjande arbeid handlar om å minske risikoen for at mobbing og krenkingar skal skje. Det er særst viktig at skulen har proaktive vaksne som fangar opp negative åtferdsmønster og krenkingar før den negative åtferda får etablert seg.

På Vestre Slidre skule skal alle jobbe forebyggjande etter denne plana:

Form for kartlegging	Når	Ansvarleg for oppfølging
Inspeksjonsordning med tydelig ansvarsbeskriving	Kvar dag	Rektor/alle ansatte
Trinnet og steget sitt sosiale miljø er tema på møtene	Kvar veke	Kontaktlærer/stegleiar
Klassemiljøundersøkelse (sosiogram) minst to gonger i skuleåret. Kontaktlærer rapporterer funn og tiltak til sos.ped rådgjevar. Rektor avgjer eventuell vidare oppfølging.	Haut og vår	Kontaktlærer/rektor
Elevane sitt sosiale miljø er tema ved klassemøter, minst to gonger i året.	Haut og vår	Kontaktlærer/stegleiar
Utviklingssamtale minst to gonger i året, der elevane svarar på spørsmål om trivsel, krenkelsar og mobbing. Dersom kjennskap/mistanke til at ein elev ikkje har eit trygt og godt miljø skal rektor varslast. Rektor avgjer vidare oppfølging.	Haut og vår	Kontaktlærer/rektor
Gjennomføring av elevundersøking for alle elevar på 5-10. trinn. Resultata analyserast i leiargruppa, i personalet, på team, i elevrådet og SU	Haut	Rektor/Kontaktlærer
Elevrådet tematiserer trivsel, mobbing og krenkingar som felles tema to gonger i året.	Haut og vår	Elevrådskontakt
Trinnets sosiale miljø er tema på foreldremøte.	Haut	Kontaktlærer/stegleiar

Ein viktig del av det forebyggjande arbeidet handlar om å bevisstgjera barn og unge på kva mobbing og andre krenkingar er, at dei har rett til å ha det trygt og godt på skulen og at dei har rett til å bli tatt på alvor når dei ikkje har det bra. Dette skal bidra til at det er trygt å seie i frå.

Alle elevar må underteikne ei avtale om at dei skal gjera kva dei kan for ikkje å bidra til mobbing og utestenging av elevar. I avtala skal det også inngå eit punkt om at dei forpliktar seg til å seie ifrå dersom dei ser nokon blir plaga.

Døme på tiltak i klassene:

- Hemmeleg venn: alle elevar får ein hemmeleg venn, tilrettelegging for positive handlingar og ytringar.
- Kva er ein god venn: elevane kjem med sine tankar i klassene og plukkar ut dei tre viktigaste. På fellessamling blir desse skrivne ned på ein plakat som vi heng opp i gangen.

- Samtaletur: Gå tur saman med ein annan elev. Lærar styrer kven som går saman, dette rullerer. Hensikta er å bli betre kjent.
- Positivt klassemiljø: Elevane trekker namnet til ein i klassa. Til denne skal det skrivast ei positiv melding.. Lappane blir samla, elevane får etter ei stund ei eit ark med seg heim der dei positive meldingane er nedskrive.
- Leikegrupper
- Samtale med helsesøster
- ART
- Foreldreskule for 1. klasseforeldre
- Klasseaktivitetar i regi av førsette: Førsette arrangerer minimum to gonger pr skuleår aktivitet for alle i klassen
- Mobilfri skule
- Målbevisst arbeid for å lære elevane god nettbruk. Kunnskap om personvern, og kva dei kan gjere for å stoppe digital mobbing (for eksempel seie ifrå eller hjelpe andre dersom dei er vitne til mobbing på nett, ikkje svare på meldingar som er sendt for å såre og kvar dei kan vende seg (for eksempel dokumentere mobbingen, politianmelde, blokkere avsender, ikkje dele passord).

Andre skuletiltak:

- Vennsapsveke
- Klassens time (klassemøter) der ein jobbar med bevisstgjerjing og kunnskap om mobbing.. Kva er mobbing og krenkingar? Kva kan det gjere med eit barn? Kva skal dei gjere dersom dei ser nokon blir krenka eller mobba? Kunnskap om ulike roller som for eksempel medløper eller tilskodar. Mot til å vera ueinig og å hjelpe andre.
- Fadderordning for 1. klasse
- Fellessamlingar (u-steg og barnesteg kvar for seg)
- Temadagar/turar i aldersblanda grupper: Juleverkstad, skidag, fjelltur, skiaktivitetsøkt, matematikkdag, påskelunsj, idrettsdag, kor-artig konsert, sommaravslutning.
- Samarbeid: Lærar styrer kven elevane samarbeider med og kven dei sit ved sidan av i klassa. Plass i klasserom er noko ein stadig endrar på.
- Laginndeling: I lagspel (om det er friminutt/FYSAK eller time) er det ein vaksen som deler inn i lag.
- Utdeling av bursdagsinvitasjonar skal kun skje dersom alle elevane i ei klasse, eller alle gutar/jenter får invitasjon.
- Psyksisk helse plan for u-steg
- Inneordning på u-steget
- Vennebank
- Dialogspel

Lista er ikkje uttømmende.

7. HANDTERE MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR

7.1 Aktivitetsplikt

Alle tilsette ved skule har aktivitetsplikt for å hindre krenkingar og mobbing. Aktivitetsplikta gjeld for alle tilsette og trer inn når ein tilsett får mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar. Aktivitetsplikta trer også inn dersom den tilsette er i tvil (vedlegg 5).

Den tilsette skal:

- Ta mistanken på alvor
- Gripe inn og stoppe åtferda, og snarast mogleg undersøke saka.
- Varsle leiinga

7.2 Avdekke

Det skal vera ein sær låg terskel for å undersøke ein mistanke om krenking og mobbing. Ofte kan mistanken ha bygd seg opp over tid som ein kjensle av at noko er gale, eller som eit resultat av ei rekke større og mindre hendingar som til saman dannar eit mønster.

Alle tilsette ved skulen skal munnleg eller skriftleg melde til rektor dersom dei mistenkjer at nokon elevar opplev krenkande ord og/eller handlingar. Sjølv om situasjonen kan løysast innanfor klassa, skal den bringast vidare til rektor.

Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfeller. Eksempel på kva som reknast som alvorleg, er saker der krenkingane er sær voldelege eller på andre måtar sær integritetskrenkande. Dersom fleire elevar er involvert i mobbing av ein enkeltelev, kan det og tenkjast at saka vil reknast som alvorleg. Det same dersom krenkingane har pågått over lang tid, utan at skuleleiinga har klart å løyse saka. Også digital mobbing på tvers av skuler og grove truslar gjennom sosiale media kan tenkjast å utgjera eit særleg tilfelle. Rektor og skuleeigar skal to gonger i året ha skulemiljøet som tema på møte.

I avdekkingsarbeidet skal skulen sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram og at tiltak blir satt i gang så fort som mogleg. Det er viktig at eleven og foreldra får ei skriftleg melding om at avdekkingsarbeidet er iverksett og at dei blir halde orientert om kva som vil skje framover.

- Årleg undersøking av mobbeomfang gjennom elevundersøkinga på 5.-10. trinn.
- Lagast sosiogram i forkant av foreldresamtalene på hausten og på våren.
- Fokus på vennskap, trivsel og det psykososiale miljøet i dei individuelle samtalene vi har med elevane, i foreldresamtaler og på foreldremøter.
- Medan sosiogram og elevsamtale kan gje indikasjonar på kva som bør undersøkast nærare, er systematisk observasjon det som til slutt kan gje svar på kva som faktisk skjer. Systematisk observasjon handler om planmessig å observere med øyrer og auger kva som foregår i ei elevgruppe. Det dreier seg om å få tak i og skrive ned korleis

elevane snakker til og om kvarandre, kva signal dei gir kvarandre og korleis dei samhandler med kvarandre på godt og vondt.

- Gode tilsynsordningar i friminutt, FYSAK samt når bussane kjem og reiser. Alle vaksne skal bruke gule vestar når dei har inspeksjon.
- Jamleg dialog med heimen: skulen er forplikta til å ha ein jamleg dialog med heimen dersom det oppstår situasjonar i skuletida eller på SFO som lærarar eller assistentar meiner heimen må orienterast om.

Kva verkty og grad av systematikk som er naudsynt, vil variere frå sak til sak, men avdekkingsarbeidet skal gjerast snarast mogleg. Ein mistanke om mobbing vil som regel krevje fleire og meir grundige undersøkingar enn ei enkelt krenking. Ved mistanke om mobbing, kan ei sjekklister vera hensiktsmessig å bruke (vedlegg 5).

Når vaksne krenkar

Dersom ein tilsett, med ord eller handlingar, trakasserar eller mobbar enkeltelevar eller grupper av elevar, skal rektor sørge for at åtferda opphøyrer umiddelbart og behandle saka som ei personalsak.

7.3 Stoppe og handtere

Opplæringslova gir elevane rett til eit trygt og godt skulemiljø, samt til å få gjenoppretta det gode skulemiljøet dersom retten ikkje er oppfylt. Saker knytta til skulemiljøet skal behandlast raskt og prioriterast høgt av rektor. Når saka er undersøkt, skal skulen lage ein skriftleg plan med tiltak for arbeidet.

Tiltaka skal utarbeidast i samråd med eleven sjølv og eleven sine foreldre. I tiltaksplana skal det koma tydeleg fram at barnet har vorte høyrte og at det barnet seier har vorte vektlagt. Sjølv om det er fremma forslag til konkrete tiltak, er ikkje skulen forplikta til å møte desse. Skulen skal uavhengig vurdere kva tiltak som kan sikre retten til eit trygt og godt skulemiljø blir dekt.

Skulen, eleven og foreldra må bli einige om kor lang tid tiltaka skal prøvast ut, før dei evaluerer situasjonen. Det skal setjast ein dato for evaluering av tiltaka. Skulen må dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta (§ 9 A-4) og skal bruke mal for tiltaksplan (vedlegg 15).

Tiltaka kan utformast på ulike nivå. Ofte vil det vera tiltak både overfor dei sentrale aktørane og heile elevgruppa samtidig.

Individnivå kan vera: daglege/jamlege samtaler, observasjon, tilsyn av vaksen, auka kontakt med heimen.

Gruppenivå kan vera: særskilt fokus på elevgruppe ei periode, hensiktsmessig plassering i klasserommet, etablering av leikegrupper, skape arena for hyggelege opplevingar i små

grupper, trening av sosial kompetanse, vaksen til stades i overgangssituasjonar, tydelege strukturar i klasserommet.

Systemnivå kan vera: etablering av nye reglar, omorganisering av skuledagen, auka vaksentettheit, auka inspeksjon eller haldningsarbeid.

Vestre Slidre skule har følgjande rutinar for handtering av saker der elevar blir utsett for krenkjande ord eller handlingar:

- **Varsling:**

Rektor og kontaktlærer blir varsla straks når mobbing er oppdaga (vedlegg 6)

- **Klargjering:**

Leiing (rektor og/eller assisterande rektor), sos.ped. rådgjevar, kontaktlærer klargjer kva mobbinga går ut på gjennom undersøkingar (sosiogram, vedlegg 7), elevsamtaler og observasjon (Vedlegg 8-13).

- **Samtale:**

- Leiinga(rektor og/eller assisterande rektor), kontaktlærer ev. sos.ped rådgjevar har samtale med den som har vorte plaga for å skaffe informasjon og gje støtte (Vedlegg 14).

- Leiinga(rektor og/eller assisterande rektor) og kontaktlærer har samtale med foreldra til den som er plaga.

- Leiinga(rektor og/eller assisterande rektor), kontaktlærer ev. sos.ped. rådgjevar har samtale med den som mobbar (Vedlegg 14).

Dersom det er fleire skal ein snakke med, er det viktig å ha samtale med ein og ein om gongen utan at dei får samkøyrte seg. Hensikta med samtala er å gje beskjed om at mobbinga er uakseptabel og må stoppe med det same. Inviter til samarbeid for å få slutt på mobbinga, gjer avtaler om kva som skal skje og set opp ny samtale. Det kan vera vanskeleg for den som mobbar å endre åtferd åleine. Til dette arbeidet treng han/ho hjelp og støtte frå andre, fyrst og fremst i form av positiv merksemd. Skulen må lage ein plan for korleis dei skal hjelpe han/henne. Plana skal skissere tiltak som blir sett i verk og korleis desse skal følgjast opp. Alle forsøk på å dominere og manipulere andre, gjennom for eksempel små blikk eller kommentarar, skal slåast ned på og stoppast med det same. Plana må og vise kva konsekvensar og sanksjonar negativ åtferd skal få. Desse må gjerast kjent med mobbar og foreldre.

- Leiinga(rektor og/eller assisterande rektor) og kontaktlærer har samtale med foreldra til den/dei som har mobba.

- **Tiltaksplan:**

Rektor, eventuelt assisterande rektor, skal saman med kontaktlærer og sos.ped. rådgjevar skrive ein tiltaksplan når det er oppdaga mobbing. Elev og/eller foreldra kan også be om at skulen gjer noko, då må det også skrivast ein tiltaksplan. Tiltak må ikkje vera heimla i ordensreglementet (Vedlegg 15).

Merk: når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finnst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

- **Sanksjonar og dokumentasjon:**

Set inn sanksjonar som å ikkje få delta på aktivitetar og samanhengar eleven oppfattar som positive, gå saman med vaksen i friminutt/FYSAK, bli halde inne i friminutt/FYSAK(for å halde avstand mellom mobbar og den som blir mobba), krisetimeplan(plasserast i anna klasse eller rom for ei periode). Sanksjonane skal vera i tråd med ordensreglementet og skal dokumenterast.

- **Oppfølging:**

Mobbesituasjonen skal følgjast opp heilt til den har stoppa. Etter ei tid skal leiinga og kontaktlærer ha samtale med den som vart plaga og mobbar. Dette skal ikkje gjera for tidleg. Det tek tid å koma over alvorlege krenkingar.

Dersom den krenkande åtferda ikkje stopper, skal andre eksterne partar inn i saka, for eksempel PPT, psykisk helse, barnevernstenesta, politiet eller konfliktrådet.

8. KLAGERETT

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er tatt opp med rektor. Fylkesmannen avgjer om aktivitetsplikta til skulen etter §§9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt.

9. ARBEID I SKULEMILJØUTVAL/SAMARBEIDSUTVAL

Ved Vestre Slidre skule skal trivsel, skulemiljø og klassemiljø vera tema på alle møter i skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet.

I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vera representert. Skulemiljøutvalet skal vera slik sett saman at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal. Samarbeidsutvalet kan sjølv vera skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det nemnast opp tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vera tilstade når saker som er omfatta lovfesta teieplikt blir behandla i skulemiljøutvalet.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. Kap.9a.